

T

Tryggheimhelsing



Ut i tjeneste
s. 4-5



Skulemiljø er
viktig
s. 7



Ellen Tveteraas
Modige valg
s. 10-11





Gjermund Viste

Åndsfridom og kristen friskule

Åndsfridom handlar om å ha respekt for dei du er vilt ueinig med. Det er først i møte med humanetikarar og andre annleis tenkande at di forståing av åndsfridom vert sett på prøve. Desse har krav på åndsfridom på same måten som oss. Det betyr ytringsfridom og religionsfridom også for dei som du er rivande ueinig med.

Åndsfridom handlar om å vere ueinige på ein ordentleg måte

I haust har det vore to av tre kursdagar i introduksjonskurset for nyttilsette på NLM og Danielsen sine friskular i regionen. Den eine dagen var det fokus på åndsfridom og besøk av Carsten Hjort Pedersen. Pedersen held fram at utbreidd åndsfridom i landet vårt er heilt avgjerande for friskule-Noreg. Som skular er vi difor forplikta på å praktisere åndsfridom og formidle ei haldning om åndsfridom vidare til elevane. Det handlar om å vere ueinige på ein ordentleg måte. Det handlar om å ha respekt for dei du er vilt ueinig med. Det er då di faktiske forståing av åndsfridom vert sett på prøve – i møte med f.eks. humanetikarar og annleis tenkande som du slett ikkje er einig med. Desse har krav på åndsfridom på same måten som oss. Det betyr ikkje fridom til å jobbe på kristne skular. Men det betyr religionsfridom og ytringsfridom også for desse.

Gjeld friskulelova berre kristne friskular?

Dette betyr vidare at friskulelova ikkje berre gjeld kristne. Friskulelova er heldigvis solid grunna i FN si Menneskerettserklæring og Europakonvensjonen om vern av menneskerettar og grunnleggjande fridomar, art. 2; «Når staten utøver funksjoner som den påtar seg på oppdragelsens og undervisningens område, skal den respektere foreldrenes rett til å sørge for slik oppdragelse og undervisning i samsvar med deres egen religiøse oppfatning og livsanskuelse.» Åndsfridom og ytringsfridom gjeld alle. Viss ikkje det står fast for alle, vil dette ramme oss som ein bomerang om få år, meiner Carsten Hjort Pedersen. Viss friskulelova ikkje skulle gjelde andre, vil det seinare vere lett å argumentere også mot kristne friskular. Då vil følgjande spørsmål kome: *Kan det vere fornuft i å la kristne få starte friskular med statsstøtte? Trur ikkje dei at Bibelen*

er Guds ord? At Gud har skapt verda? At Gud har tenkt ekteskapet mellom mann og kvinne? Dette må det bli slutt på snarast.

Oppseding – å meddele det som er viktig for oss

Vi har samstundes eit grunnleggjande prinsipp på skulane våre: Påvirkning med respekt. Det har mellom anna Carsten Hjorth Pedersen minna oss om på ein førebiletleig måte, - om ansvaret som ligg på oss som skular. Korleis kan vi påverke elevane på ein måte som gjev dei fridom til å velje sjølv? Dette har vidare også NLA og KFF hatt fokus på. Det har styrket oss i å ikkje tru på den livssynsøytrale skulen. For alle pedagogar gjev born og ungdom briller å sjå verda med. Vi siterer ein ikkje-kristen tysk pedagog, Klaus Mollenhauer: "Oppseding er å meddele elevane det som er viktig for oss sjølv." Ein formidlar på forskjellige måtar kva som er viktig - kva som er meininga med livet. Viss ein ikkje snakkar om Gud, så formidlar ein det at det ikkje er nokon Gud. Viss ein aldri snakkar om evig liv, så formidlar ein det at det ikkje er noko evig liv. Skal ein skule prøve å vere nøytral, då er det mange ting ein ikkje kan ta fram, til dømes meininga med livet. Men er det rett å ha born på skulen i 10 år utan å snakke om meininga med livet? Vi trur ikkje det. Det å tolke røyndommen på ein annan måte er ei oppgåve for ein kristen skule. Vi ønskjer ikkje å sende frå oss ungdommane med bare rein faktakunnskap – vi ønskjer å sende dei frå oss med noko meir.

Realisert gjennom personalet

Takk til personalet som på kvar sin måte bidreg til eit positivt og godt arbeidsmiljø. Med vår felles basis i eit kristent menneskesyn står vi saman i eit viktig skuleopdrag. Ein skule vert realisert gjennom personalet. Kven er eg-dimensjonen. Kva brenn eg for-dimensjonen. Men endå viktigare: "Dersom Herren ikkje bygger huset, arbeider bygningsmennene til fånytte," Salme 127,1. Takk for omsorg og forbønn for elevar og personalet og for skulekvardagen – be om at det må lukkast!

«For ordet om korset er vel en dårskap for dem som går fortapt, men for oss som blir frelst er det en Guds kraft.»


1. Kor. 1, 18

Jesus kom for å gjenopprette et ødelagt forhold mellom Gud og oss mennesker. Korset er stedet og symbolet der Jesus utslettet dine og mine feiltrinn. Evangeliet – ordet om korset – utfordrer alle til å ta imot eller forkaste budskapet om Jesus.

En dåre betegner en som er tåpelig, og dårskap er dermed det samme som nonsens, eller «toskaskab» på godt jærsk.

Det fins nok mange grunner til at mennesker avviser eller mangler tro på evangeliet. Bibelverset fra Korinterbrevet oppsummerer at ordet om korset er «toskaskab» i stedet for et kraftsenter for dem som avslår tilbudet om frelse. Det kan til og med hende at folk syns kristne er tåpelige fordi de tror og fester lit til Bibelens budskap.

En sangstrofe fra en amerikansk artist sier det slik i sangen Fool's Gold: «Some may call me foolish, some may call me odd. But



I'd rather be a fool in the eyes of men, than a fool in the eyes of God.» Fritt oversatt vil det bli noe sånt som «Noen vil kalle meg merkelig, noen vil se på meg som rar. Men jeg vil heller være tåpelig i menneskers øyne, enn for min Himmelske Far.» Gud vil aldri se på mennesket i seg selv som tåpelig, men folk sine ord, handlinger eller

avgjørelser kan oppfattes som uforstandige. Å gå fortapt vil si en endeløs tilværelse atskilt fra Gud. Å bli frelst betyr et liv og en evighet sammen med Gud. Alle blir stilt overfor dette valget. For min del er valget enkelt.

VG3 på Oslo-tur – et sterkt møte med hendelsene 22. juli 2011

Besøket på 22. juli-senteret startet med at vi ble fortalt om hendelsene som skjedde denne dagen. Det gjorde at vi ble mer bevisst på hva som faktisk skjedde. Det er så lett å bare skyve det på avstand, og leve i vår egen lille boble. Derfor var det godt å få en påminnelse om at det bare blir viktigere og viktigere å fortelle om hendelsene.

- Tekst: Ingrid Lending og Malin Martinsen
- Foto: Anne Lise Hegelstad Flatebø & Vegard Ask

Å være i senteret gjorde sterkt inntrykk. Det var godt å få kunne gå rundt alene og lese og ta innover seg det som hadde skjedd. Det gjorde det hele litt mer personlig og ekte, i motsetning til om vi hadde gått på en guidet omvisning. I det første rommet fikk vi se portrettbilder, navn og alder på dem som ble drept. Det var sterkt å se at så mange var på vår alder. De var vanlige ungdommer som hadde framtiden foran seg. I et større rom fikk vi se en tidslinje med hver minste detalj fra hendelsene, fra Anders



Behring Breivik parkerte bilen ved regjeringskvartalet og til han forlot Utøya. Vi så meldinger og twitter-oppdateringer som ble skrevet under skytingen. Det gjorde sterkt inntrykk å lese at ungdommene var vitne til at venner og kjærester ble skutt og drept, og at de hadde telefonsamtaler med dem hjemme for å ta farvel. Samtidig var det også ubegripelig. Man kan ikke forestille seg hvordan de må ha hatt det i disse øyeblikkene.

22. juli-senteret opplyste om denne dagen gjennom både bilder, sterke dokumentarer

med overlevende, gjenstander og tekst. Vi er takknemlige for at vi fikk muligheten til å besøke senteret - det hjelper oss til ikke å glemme.



Etter at tiden på videregående er over, står elevene overfor mange valgmuligheter. Flere tidligere Tryggheim-elever har valgt en tjeneste innenfor kristent arbeid.



Kristian Birkeland (28)

Kristian gikk allmennfag på Tryggheim 04-07 og var miljøarbeider 08-09. Han er utdannet allmennlærer.

Hva gjør du nå?

Jeg har siden høsten 2012 vært utsending for NLM i Sør-Amerika og har bodd fire år i Bolivia. Nå bor jeg i Arequipa der min hovedoppgave er norskundervisning og oppfølging av misjonærbarna som nå går på en nasjonal, peruansk skole. I tillegg underviser jeg på en bibelskole.

Hva er det som driver deg?

Det som driver meg er et ønske om at Guds rike må vokse. I år har jeg ikke en tjeneste i frontlinjen, men jeg blir motivert av å tenke helhetlig om arbeidet på feltet. Jeg vet at barnas trivsel er avgjørende for at misjonærene skal kunne være ute. I tillegg trives jeg godt i jobben som lærer.

Hvilken rolle har Tryggheim spilt i dette?

Tryggheim har absolutt vært med på å drive meg ut som misjonær. I løpet av årene på Tryggheim fikk jeg vokse som menneske, og jeg fikk høre mye forkynelse og undervisning som gjorde meg glad i Jesus og som ga meg et ønske om å dele dette videre. Det at misjonærer med jevne mellomrom var innom og delte fra arbeidet ute, var også til inspirasjon.



Toril Frafjord (20)

Toril gikk på studiespesialisering på Tryggheim 12-15

Nå er det snart to år siden jeg sluttet på Tryggheim. I det tredje skoleåret mitt valgte jeg å være misjonsprosjekt-ansvarlig for russen, noe som var avgjørende for mitt neste valg, nemlig TeFT-linja på bibelskolen Fjellhaug. Der lærte vi utrolig mye nytt om Bibelen og oss selv. Vi hadde et opphold i Kenya og Tanzania på fem måneder, der vi tydelig fikk oppleve hva misjonærene driver med.

I dag er jeg student ved VID i Sandnes, men på fritiden er jeg med i styret i ungdomsforeningen hjemme. Grunnen til at jeg var misjonsprosjekt-ansvarlig, reiste på Teft i fjor og er med i styret hjemme i år, er at jeg brenner virkelig for at andre skal få møte Jesus. Alle skal få en mulighet til å bli kjent med noe av det viktigste i livet.



Jostein Haugen (26)

Gikk ut fra Tryggheim i 2009
Tar nå master i avansert klinisk sykepleie i Oslo

Hvordan har du engasjert deg i kristent arbeid?

Jeg har jobbet mye med leirer, og har hatt ansvar for to store ungdomsleirer: SommerTreff på Drottningborg og Nyttårsfestivalen på Hurdal. De siste årene har jeg jobbet med unge ledere, og vært med på å utvikle et leder- og disippeltreningsprogram i NLM Region Øst.

Hvorfor driver du med dette?

Jeg har engasjert meg i dette for jeg ønsker at ungdommer skal få oppdage mer av hvem Jesus er og hva han har gjort for dem. Gjennom arbeidet med å lage leirer oppdaget jeg mer og mer gleden og utfordringen i å være leder i kristent arbeid. Derfor ønsket jeg å være med på å forme og utruste nye ledere som kan være med å peke på Jesus med sine liv.



Tryggheimhelsing ønsker alle lesere en fredfull julehøytid og et velsignet godt nytt år.

Frå «junaiten» til Jæren

Lærarane på Tryggheim ungdomsskule har ulik bakgrunn, akkurat slik som elevane. Ein lærar som er litt meir ulik dei andre, er Anne Justine Houser. Ho er nemlig frå USA, og er halvt norsk og halvt amerikansk (av skotsk-tysk-irsk avstamning)

■ Tekst & foto: Ingve Gilje

-Eg er født i USA, men flytta til Norge då eg var nesten eitt år. Så flytta vi tilbake til USA til Arizona då eg var seks år. Då snakka eg bergensk, sidan vi hadde budd litt på Jæren og litt i Bergen.

Studier brakte henne vidare til Chigago då ho var 18 år, der ho studerte spansk og internasjonale relasjonar. Samtidig lokka Norge henne tilbake i 2015.

-Eg trudde eg skulle på ferie, men så blei eg verande. Eg har drive på med nokre kreative prosjekt, som ikkje blei noko av. Så tenkte eg at eg måtte finne meg ein jobb, og då var lærar noko eg ville prøve.

Læring og skule er noko ho har i blodet bokstavig talt, ho har nemleg ein far som har jobba med skuleutvikling i USA. Han har jobba mest med såkalla «charter-skoler», som blir rekna som halvprivate skular. Dei får litt støtte frå staten, men må og samle inn ein del pengar sjølv, ikkje ulikt friskulane i Norge. -Eg har vore ein slags ambassadør for denne

typen skular, og har måtte forsvare dei ved fleire anledningar.

Anne Justine liker seg på Tryggheim. – Det har vore ei spanande utfordring, med mange kjekke dagar, og det har vore mykje interessant å lære og å lære vekk.

USA vs Norge

Anne Justine ser på både USA og Norge som «sine» land, men det kjem med ein pris.

- Det er ingen plass eg vil føle meg 100 % heime, trur eg. Eg er ikkje amerikansk nok i USA og eg er ikkje norsk nok i Norge. Eg ser alt litt i frå utsida kanskje?

Ho har og merka seg nokre forskjellar på dei to heimlanda.

-Den største forskjellen mellom landa, må vera jantelova. Eg trur den viser seg litt på skjulte område og i småting. Eg observerer det i kommunikasjonen mellom folk, og korleis skulesystemet fungerer.

Anne Justine meiner at nordmenn er opptatt av å ha det koseleg, og ikkje berre oppnå eigne mål slik folk kan tenkje i USA.

- I USA har vi eit spanande kaos, mens det i Norge er litt meir avslappa. Og så et folk her mykje skjever og kokte poteter, legg ho til med eit smil.

Juletradisjonar

No har ho røter og familie både her i Norge og «over there», men juleferinga skal foregå i Norge i år.

-Eg har ein bror som studerer i Trondheim, mens foreldra mine bur i USA. Mor mi pendlar litt att og fram mellom USA og Norge, så



Anne Justine Houser i vinden på Jæren.

vi har ein leilighet her på Nærbø.

Uansett om me feirer i USA eller i Norge, er jula mykje prega av norske tradisjonar. Samtidig feirar vi både julafta og 1. juledag (Christmas morning.) Då har vi fyr i peisen, sjølv om vi bur i ørkenen. Vi har store gåver på julafta, og så kjem resten av familien på 1.dag, då gjev me kvarandre små gåver i typiske «stockings» (julestrømper).

Anne Justine seier det er vanskelig å finne pinnekjøtt i USA, men det er som regel lamemelår som er julemiddagen til «the Housers.»

-Den amerikanske julefrukosten er viktig, då er det mykje mat, med pannekaker og omelett. Men det blir ikkje skjeva, legg Anne Justine til og ler.

-Eg er ikkje skjevemenneske!

Nye medarbeidare på Tryggheim ungdomsskule

Sigurd Idland

Alder: 43 år.

Opprinnelig fra Jättå, Stavanger, bor på Lye.

Arbeidsoppgaver: Lærer i spansk, matte, naturfag og sal/scene.

Favorittmat: Brasiliansk, indisk, ecuadoriansk – alt som er eksotisk.

Opptatt av: Familien



Eli-Anne Svendsen

Alder: 39 år.

Opprinnelig fra Kristiansand, bor på Bryne.

Arbeidsoppgaver: Underviser i norsk, KRLE og musikk. Favorittmat: Kylling i alle varianter.

Opptatt av: Musikk, og at ungdommer skal få møte Jesus og bli værende hos ham.



Helene Berentsen Kalberg

Alder: 32 år.

Opprinnelig fra Nærbø og bor fortsatt på Nærbø.

Arbeidsoppgaver: Sosiallærer på 8. trinn og fagarbeider.

Favorittmat: Taco.

Opptatt av: Familien, venner, sang og musikk.



Stig Hobberstad

Alder: 40 år.

Opprinnelig fra Varhaug og bor fortsatt på Varhaug.

Arbeidsoppgaver: Matte, naturfag, gym, fordypning matematikk, arbeidslivsfag og IKT-ansvar

Favorittmat: Joikakaker.

Opptatt av: At det skal være gøy å gå på skolen og å lære.



Anne Justine Houser

Alder: 23 år.

Opprinnelig fra USA, bor på Nærbø.

Arbeidsoppgaver: Faglærer i engelsk, spansk og samfunnsfag.

Favorittmat: Middelhavsmat, thai, japansk og mye mer.

Opptatt av: Jobb, reiser, keramikk, fotografi, design, dans og mat.



Esther Varhaug


Alder: 27 år.

Opprinnelig fra Varhaug og bor fortsatt på Varhaug.

Arbeidsoppgaver på skolen: Lærer i tysk og engelsk.

Favorittmat: Alt utenom fisk.

Opptatt av: Å se det positive i hverandre.



Skulemiljøet på Tryggheim ungdomsskule

Tryggheim ungdomsskule er ein skule der ein fokuserer mykje på korleis elevane har det og korleis skulemiljøet er. Miljøet i timane og i friminutta verkar å vere godt. Vi har snakka med ei gruppe elevar, som seier dei alltid har nokon å vera med i friminutta og i timane.

■ *Tekst og Foto: Judith Andrea Gomo Anestad, Lea Aarrestad og Andrea Arroyo Nymark (elevar med valfaget «Medieproduksjon»)*

Godt skulemiljø

- Eg har fått mange nye venner etter at eg starta på Tryggheim og eg trivst svært godt, seier Tore Mauland på 8. trinn. Han liker veldig godt at dei har drege ut på ulike turar og at dei ikkje berre sit inne i eit klasserom heile tida. Han synest Horveturen i august var spesielt kjekk. - På Horveturen vart eg kjend med mange folk og fekk mange nye venner. Kano og rebus med venner var det kjekkaste.

Oppstart på ny skule

Tore Mauland seier at det var veldig kjekt, men også litt skummelt å starte på ny skule, fordi han ikkje kjente så mange frå før av. - Det var rart å begynne på ein heilt ny skule fordi den var så stor i forhold til den eg hadde gått på før. I år starta det rekordmange elevar på 8. trinn. Det starta 90 elevar på trinnet, mens dei andre åra har det vore plass til 60 elevar på



Gruppe av elevar som har valfaget «Medieproduksjon».



Tore Mauland har fått mange nye venner på Tryggheim.

trinna.

- Eg var veldig spent og litt nervøs første skuledag men det var veldig kjekt å starte på ungdomsskolen, seiar Tore Mauland.



Renate Undheim trivest godt på ungdomsskolen.

Men no har ho blitt godt kjend:

- Det er spesielt gildt fordi det er så mange kjekke elevar og lærarar her.

Henriette Meling

Alder: 23 år.
Opprinnelig fra Sørlandet, bor på Bogafjell.
Arbeidsoppgaver på skolen: Miljøterapeut.
Favorittmat: Sørlandskompe.
Opptatt av: Toppturer på ski.



Kristina Lodden Flatebø

Alder: 28 år.
Opprinnelig fra Stavanger, bor på Ålgård.
Arbeidsoppgaver: Lærer og kontaktlærer.
Favorittmat: Krabbe.
Opptatt av: Friluftsliv og familien.



Ingve Gilje

Alder: 40 år.
Opprinnelig fra Gilja, bor på Ålgård.
Arbeidsoppgaver: Lærer og kontaktlærer.
Favorittmat: Pinnekjøtt,



risengrynsgrot og komle.
Opptatt av: Film, familien, data, musikk, fjellturer og mye mer.

Vidar Aarstad

Alder: 23 år.
Opprinnelig fra Ålgård, bor i Stavanger.
Arbeidsoppgaver: Faglærer, pedagog, fagarbeider og motekonsulent.
Favorittmat: Hjemmelaget pizza.
Opptatt av: Fotball og leir.



Marie Eggebø Stokke

Alder: 30 år.
Opprinnelig fra Nærbø og bor fortsatt på Nærbø.
Arbeidsoppgaver på skolen: Lærer i kunst og håndverk og norsk.
Favorittmat: Pizza.
Opptatt av: Jesus, familie og håndarbeid!



Kamilla Hauge

Alder: 23
Opprinnelig fra Sotra, bor på Kleppe.
Arbeidsoppgaver på skolen: Barne- og ungdomsarbeider
Favorittmat: Biff m/ fløtegratinerte poteter, peppersaus og steikte grønnsaker
Opptatt av: Jesus



Elevstemnet 2016



10-årsjubilantar



20-årsjubilantar



30-årsjubilantar

■ Av Torleiv haus

Elevstemnet vart i år for andre gong arrangert rett etter skuleslutt den 16. og 17. juni. Dei eldste jubilantane kom på fredagen. Bjarte Gudme-stad talte på festsamværet laurdag. Etter samværet var det festmiddag i matsalen og deretter samling for kvart av kulla. Etter dette var stemnet slutt og jubilantane drog kvar til sitt. Bilete frå stemnet i år ligg også ute på skulen si heimeside, og kan fritt lastast ned om ynskjeleg. Takk til alle som deltok.



40-årsjubilantar



50-årsjubilantar



60-årsjubilantar



70-årsjubilantar

Temadagen:

«Å gjera kvarandre gode – å ta gode val i overgangen frå skule til arbeidsliv»

■ Tekst: Knut Handeland

Slik var overskrifta på temadagen 9. november, haustsamlinga for foreldre og elevar. Mange aktivitetar skulle gjerast unna i løpet av laurdagen: I tillegg til foredrag var det misjonstivoli, internatsamling, foreldremøter og -samtalar, og til slutt festkveld med russebasar. Tett program med hårfin kalkulerer logistikk førte truleg til at mange fekk unnagjort ei treningsøkt i «å ta gode val i overgangen...» allereie same dag.

To representantar frå næringslivet, byggmeister Kjell Høie (tømrarfirmaet HøieUeland) og konsernsjef Bjørn Risa (Risa-konsernet) delte sine tankar om kva eigenskapar dei set høgt hjå lærlingar og arbeidarar.

Forventningane spente vidt, utan å vere uoverkomelege; alt frå å kle høveleg på seg til å vere innsatsvillig og opptatt av å spele på lag i eit fellesskap er ettertrakta menneskeleg kapital. Haldningane og arbeidsmoralen er viktig, å ha respekt for andre yrkesgrupper som ein skal samarbeide med ber gode frukter fordi ein hentar ut det beste hjå kvarandre. Lærlingar kan førebu seg ved å vere gode på det dei kan vere gode på: møte på tida, ha med niste, nok klede, hammar, nytt blad i kniven og nykvesst blyant.

Ellen Tveteraas (avgangselev 2011) var tredje foredragshaldar utanfrå. Hennes tema var: «Å ta val i utdanningsløpet og å tørre ta sjansar». I eit intervju med Trygghemhelsing då ho var vg3-elev var ho

tydeleg på at ho ville ut i verda. Me forstod at ho meinte alvor, og seinare at ho gjorde alvor og difor kunne ha nokre tankar å dele om temaet. I uansvarleg kort versjon kan budskapet hennar oppsummerast slik: Å velja utradisjonelt er ikkje eit mål i seg sjølv, men ein konsekvens av interesse for å lære eller oppleve noko interessant. Då krev det at ein må flytte rundt i verda og ta nokre sjansar under andre kulturelle vilkår. Foredraget viste at det meste går an, at nye dører kan bli opna når andre blir lukka. Det går an å kaste seg uti det og merke at ein oftast landar på beina midt i båten som blir til mens ein ror.

Det fall heilt naturleg å gjennomføra eit oppfølgingsintervju «fem år etter», og der får ho sjansen til å utdjupe.

Ellen Tveteraas – fem år etter

■ Tekst: Knut Handeland

■ Foto: Privat

Kva har du gjort sidan du reiv av siste trevlane av russeadressen i 2011?

Eg var på L`abri, ein bibelskule i England hausten 2011, tok midtausten-studier på universitetet i Tel Aviv i Israel 2012-2014 og var praktikant på den norske ambassaden i Libanon i 2014. I 2012 var eg og involvert i flyktningearbeid i Jordan og hadde ymse arbeid i området. No bur eg i London og held fram med arabisk- og midtausten-studiar.

I 2011 sa du at du ville bli journalist med Midtausten som spesialfelt, og om plan A gjekk skeis kunne du bli bibliotekar. Står planane ved lag?

Nei, journalist blir det ikkje, men bibliotekar ser eg framleis på som eit heilt greitt yrke, sjølv om det framleis ikkje er plan A.

Kva yrkestittel ser du for deg?

Det er vanskeleg å ramme inn ein yrkestittel, det vert meir å arbeide innfor eit fagfelt. Eg har lyst til å arbeide med demokratiutvikling og institusjonsbygging i land der eg kan få nytte av språkkunnskapen (arabisk). Mykje av institusjonsbygginga sørafor Middelhavet har vorte bygd opp kring etnisitet og religion, tvert i mot dei demokratiske grunnideane, og motsett av demokratibygginga i Vesten. Slik har institusjonsbygginga dessverre vore med på å sementera skilnader og konflikter.

Du har tatt utradisjonelle val; har du måtta nedkjempa ein trong til å velje det trygge, eller har du ein medfødd utforskar-

trong og eventyrlyst?

Tradisjon, tryggleik og å mette ei eventuell eventyrlyst styrer nok vala hjå alle til ein viss grad, og eg er inkje unntak. Slik eg ser det har eg tatt relativt trygge val i forhold til dei eg vil arbeide med. For meg hadde det vore mykje meir utrygt å velje eit tradisjonelt «trygt» yrke som økonom, i og med at mi interesse innafor det fagfeltet er lik null. Eg hadde sannsynlegvis blitt utbrent etter første semester på BI.

Eg har tatt vala mine basert på interesser, og prøver å finne måtar å sette desse i praktiske og yrkesretta rammer. Når eg tar utdanningsval har eg generelt tenkt i desse banane: Eg vil jobbe innafor fagfelt X, kva kan eg gjere for å få til det, jo; 1-2-3-4, så tar eg val som får meg nærmare det målet. Og fordi det heile er interessedriva, er det som regel ganske gøy i den prosessen.

Kva har dette gjort med deg som menneske?

Mykje, vil eg tru. Om nokon har prestert å gå frå å vere 18-24 år utan snev av 'danning', vil eg påstå at noko har gått gale undervegs... Eg har kanskje sett at ingen får til noko heilt aleine. Dette gjer at eg har lettare for å spørje om hjelp nå enn eg hadde før. Eg hadde ikkje klart å manøvrere rundt i Midtausten, for eksempel, viss eg ikkje



Ellen skriv stil på eit tak i Madaba, Jordan.

hadde bygd opp vennskap å støtte meg på i fleire land undervegs. Eg liker også å tru at eg har blitt litt betre til å innrømme feil, slik at eg kan nå den såkalla 'damage-control'-fasen litt raskare enn før. Det kan likevel hende at det er skamlaus mangel på sjølvinnstikk, og at eg er like påståelig som eg pla å vera. Vanskeleg å seie...

Så har eg og erfart at folk stort sett er like alle plassar, men rammeverket rundt dei varierer. Me har ein tendens til å gruppere saman folk etter korleis me ser dei på TV.

Har du eit visdomsord til verda?

Ja, folk må slutte å ta ting personleg.

Arne Eggebø til minne

Tidligere lærer, rektor og rådgiver ved Tryggheim, Arne Eggebø, døde 18. oktober. Han var ansatt ved Tryggheim i 37 år, helt til han gikk av med pensjon i 1999. Han var en av de få som var ansatt både på Tryggheim folkehøgskole og videregående skole.

Arne Eggebø ble bisatt fra Nærbø kirke 24. oktober. Presten innledet med å ønske velkommen til en høytidsdag, og det ble det også. Det påfølgende minnesamværet på Tryggheim samlet fullt hus. Vi har bedt to av hans kolleger fra folkehøgskoletiden og tiden i videregående skole om å skrive et minneord om sin venn og kollega.

Minneord av Sverre Strai, lærer ved Tryggheim folkehøgskule 1960-1983

Arne Eggebø kom til Tryggheim Ungdomsskule (folkehøgskule) hausten 1962. Han hadde då vore lærar på systerskulen, Kvås, der Johannes Kvalheim henta han frå. Den gongen hadde lærarane buplikt på skulen, og huslyden Eggebø flytte inn i ei trekkfull leilegheit over gymnastikk salen; der ingen i dag vil tru at nokon kunne bu. Denne hausten kom det fleire nye lærarar, og Arne vart ein god støttespelar med omsyn til skulen si målsetjing. Han pløgde djupt når det galdt det Jesus sto for, og var ofte den første som reiste seg når ordet vart gjeve fritt til vitnemål. Han var ein som betre enn dei fleste kunne koma inn på einskildpersonar om deira forhold til Jesus. Undervisningstimaane – sjølv om det var matematikk – kunne han gjerne innleia med ein song, og helst av dei gamle norske. Etter kvart vart det bygt fleire hus ved skulen og huslyden fekk ei god leilegheit i Vestheim. Men snart møtte dei store prøvingar då kona, Anna, vart sjuk og døydde frå mann og fire barn. Det vart tomrom

og sakn. Kari Riska, som styrde skulen sitt kontor, kom til god hjelp, og etter kvart til meir enn hjelp. Ho og Arne fekk tre barn og mange gode år saman.

Arne var ryfylking frå Årdal. Han var glad i Ryfylkeheiane. Saman med han på moltetur var eg ikkje særleg tess, betre gjekk det i blåbærtua. I Hå-elva heldt han seg ofte, og mang ein laks beit på flua han droppa. Arne vart verande den same då han gjekk frå å vera lærar til rektor. Han fekk merka at alt har si tid. Med tida vart det aktuelt å tenkja på omlegging av skuleslaget.

Tryggheim vidaregåande skule starta opp hausten 1983, og Arne vart rådgjevar ved skulen til han gjekk av som pensjonist. Som pensjonist var han med i gjenbruksbutikken på Varhaug.


Me er få att som heldt saman på lærarrommet i folkehøgskulen.

Som hin Terje kan me seia «stort har jeg mistet, men stort jeg fikk. Best var det kan hende det gikk som det gikk – Så får du ha takk da, Gud» - og med det lyser me fred over Arne Eggebø sitt minne.

Minneord av Asbjørn Nordgård, rektor ved Tryggheim vgs 1993-2001

Det var underlig å sitte her i Hurdal og få høre at Arne Eggebø var gått bort. For meg var Arne og Tryggheim nærmest en uløselig enhet. Han var da rådgiver på Tryggheim videregående - og i mange tilfeller var han også rådgiver for meg som ny rektor. Han ga gode råd når han ble spurt - men ellers ikke. Han argumenterte alltid rolig og saklig for sitt syn.

Arne Eggebø var sterkt opptatt av at Tryggheim skulle være en markert kristen skole og at dette skulle merkes både i undervisningen og på internatet. Han og Kari var faste deltagere på kveldsmøtene på skolen, og Arne hadde ofte personlige vitnesbyrd når anledningen bød seg. Det han sa var alltid tilpasset elevene og preget av sjelsørgersk omsorg.



Jeg husker Arne som en helstøpt personlighet. Han visste hva han sto for - og han våget å stå for sitt syn, også i motvind. Først og fremst husker jeg hans klare og enkle vitnesbyrd om Jesus som Frelser. Det er et flott minne å etterlate seg.

Tryggheimkalender

DESEMBER

Tirs. 20. Julefest

Ons. 21. Siste skoledag før jul (halv dag)

JANUAR

Ons. 4. Første skoledag etter jul

Ons. 4. – søn. 15. Møteuker

Fre. 20. – lør. 21. Besøks helg for 10.klassinger fra hele landet

FEBRUAR

Ons. 15. Tryggheimbasar

Lør. 18. Tryggheimbasar og foreldresamtaler

Tirs. 21. - fre. 24. Leirskole VG1

Man. 27. - fre. 3.3. Vinterferie

MARS

Tirs. 7. - fre. 10. Leirskole VG1

Tirs. 14. – søn. 19. Møteuke

TRYGGHEIMHELING

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)

Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)

Sofie Braut

Henrik Foss

Knut Handeland

Björg Topnes

Ingve Gilje (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogedal

e-post Tryggheim skular: post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.

Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS

Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

Visste du at...

Kristine Kjøl Kristensen (ST 06-09) og Alexander Solheim giftet seg 10. september.

Helene Berentsen Kalleberg (HS/BU 00-02), **Marie Eggebø Stokke** (AF 02-05) og **Henriette (Slimestad) Meling** (HS/PB 09-12) er ansatt ved Tryggheim ungdomsskole fra høsten -16 – se nærmere presentasjon s. 6-7.

Jostein Refsnes (EL 12-14) tok bronse i NM for yrkesfag arrangert i Bergen i oktober. Han konkurrerte i klassen elektrikerfag.

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

Små spor av noko stort

Lat meg få høyra om di
miskunn om morgonen,
eg set mi lit til deg!

Salme 143:8

■ Tekst & foto: Sofie Braut

Bevismaterialet er ikkje overveldande, men likevel: ein nøktern etikett på døra slår fast: «Bønn 07:50». Ein ekstra godt brukt skuleguide med kryptiske kulepennstrekar i, pluss ein småsliten bordkalender med eit bibelvers og ord for dagen. Små spor som vitnar om ei teneste som ikkje er så kjent, men som likevel er eit pulsslag midt i skulevardagen her på Tryggheim. Kvar morgon, før arbeidsdagen har kome ordentleg i gang, samlast nemleg nokre frå personalet til ei fast bønestund på eit grupperom i hovudbygget. På det aktuelle tidspunkt har mange meir enn nok med å koma seg frå a til b (utan å gløyma x, y og z), og dermed vert det nærliggjande å spørja nokre av dei kvifor dei prioriterer ei slik teneste.

- For meg har det blitt ein god vane i kvardagen, seier Kjetil Fylling, ein av dei som mange morgonar er å finna på morgonbøna litt før klokka åtte. Det gir meg noko på det personlege planet, men det har i tillegg ei mykje vidare betydning, seier Kjetil og forklarar at denne morgonvanen er noko som gradvis har blitt viktigare for han, det er ein god ting at dette vert litt forplikande.

- Me ber jo fordi det gjer ein forskjell, sjølv om me ikkje alltid ser det store biletet. Bøn har ein effekt på fleire plan, det er jo ikkje slik at når ein bed, då går alt så bra, men det er noko med å gje det frå seg, og vera open for at det finst mange slags bønensvar. Klart bøna har ein effekt, men dette er faktisk ein av dei tinga det ikkje går an å måla, sjølv ikkje her på Tryggheim, humrar Kjetil.

Å løfta fram denne tenesta kan høyrast ut som om ein løftar fram ein slags kristen elitedivisjon, men det er eit inntrykk Bjarte Gudmestad er snar til å korrigerer. Han er



Gjermund, Kjetil og Bjarte klare for morgonbøn.

ein annan av dei som ofte er med i denne tenesta.

- Poenger er at vi har ulike tenester, og vi verkar ulikt på ulike tidspunkt, understrekar han. For meg er konseptet med eit fast tidspunkt på morgonen noko som passar godt. Eg er gjerne litt tidleg ute likevel, og då er denne tenesta noko eg vel å prioritera. Det er knytt viktige lovnader til dette å be saman med andre, minner Bjarte om. Det to eller tre vert samde om å be om... står det jo i Bibelen, i tillegg til ei mengd andre ord og påminningar om å gå saman med andre i forbøn. Av Bjarte får vi også ei forklaring på den slitne skuleguiden med diverse strekar i.

- Vi ber oss gjennom skuleguiden, klasse for klasse, vi ber for personalet, rekkje for rekkje. Vi held orden ved å setje streker. Det er heilt enkelt, ikkje noko opplegg med fast leiar eller opning, så enkelt og lite eliteprega er det altså. Slik vert alle på skulen lagde fram for Gud ei tidleg morgonstund jamt og trutt, heile året gjennom.

Rektor Gjermund Viste legg også til vanleg inn eit avbrekk i morgonarbeidet for å be med medarbeidarar for skulen og dei mange menneska her.

- Eg ser stort på denne bønetenesta, her får vi løfta fram mangfaldet på skulen, her vert det rom for både overblikket og småtinga; alt kan løftast fram i bøn. I det vi løftar fram enkeltmenneske på denne måten, ser vi også kor mykje vi har å takka for poengerer

Gjermund, som ikkje var med på morgonbøn-samlinga dei første åra som rektor, men som etter kvart har fått erfarar at det enkle og slitesterke konseptet er noko som har stor verdi. Det skal vera til inspirasjon, ikkje som eit press om å delta, men som ei open dør der dei av personalet som vil og kan, skal kjenna at dei kan vera med, avsluttar Gjermund.

Og då er vi tilbake til starten: døra med den enkle etiketten. Den slitne skuleguiden og den bulkete bordkalenderen. Disse småtinga som på sitt stillferdige vis syng ei kvardags-salme om slitesterk tru og samling om det sentrale. For kvar den som bed, han får



Kalender og skuleguide- så hugsar dei alle saman.



Det er plass til fleire....